

Aristokattene gler seg

16.10.2012

Dansebandet AristoCats frå Sotra gler seg til å debutera i Uskedalen laurdag kveld. Faktisk har dei ikkje vore her før. sjølv om dei har heldt det gåande sidan 1970-talet. Debuten gjeld ikkje minst vokalist Kjell Kallestad, også han frå Sotra. Han har faktisk feriebase her i bygda og oppmodar også andre om å utnytte overnattingstilbodet og ta ein svingom på Helgheim. Inge Glesnes, Torstein Hjelle og Helge Hammersland var dei fyrste medan Kallestad og Jonas Moe kom på plass på åttitallet. Etter den fyrste tida vart countryen til bandet rocka atskillig opp.

Ved inngangen til 1990-talet freista Kjell Kallestad seg som proff og bandet satsa på Vikingarnastil, men ikkje lenge. Kallestad kom att og bandet heldt fram der dei slapp.

Etterkvart fekk AristoCats positivt rykte som eit framifrå liveband og har ytterlegare styrkt seg som sådant - ikkje minst på grunn av Kallestads talent.

Dei andre i bandet no er Torstein Hjelle, Inge Glesnes, Jonas Mo og Thor Inge Stokke. På biletet er dei i aksjon i Seljord, der dei trivs særst bra. På SPAR får ein kjøpt bilettar til dansekvelden i Helgheim.

Av Ola Matti Mathisen